

ÅRSHEFTE 2023

SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT

1.MARS 2024



VELKOMMEN TIL ÅRSMØTE 2023 SOGN OG FJORDANE SAU OG GEIT

**Sogn og Fjordane Sau og Geit inviterer til årsmøtesamling på
Thon Hotell Jølster på Skei
1.-2.mars 2024**

PROGRAM

Fredag 1.mars

- 11:00 Registrering
- 11:30 Opning ved leiar Ragnhild Sæle og styremedlem i NSG Marthe Lange-Ree
- 12:00 Lunsj
- 13:00 Namneopprop
Årsmøte
m. sakliste etter vedtekter
- 18:00 Avslutning
- 20:00 Middag


Laurdag 2.mars

- 09:00 Lokallaga sin time
- 10:00 Markedsrådet/Kjøtt i skule/NSG generelt v. Marthe Lang-Ree
- 11.30 Pause/utsjekk
- 12.00 Dyrevelferdsprogram sau v. veterinær Karin Johnsen
- 12.30 Erfaring med dyrevelferdsprogram sau v. Ole Bjarne Hovland
- 13.00 Lunsj

Påmelding innan 19. februar til:

Link til [skjema for påmelding](#).

Spørsmål sendast på e-post til styretsfsg@gmail.com



Prisar overnatting

Fullpensjon i dobbeltrom for 2 personar	kr 2570,-
Fullpensjon i enkeltrom pr. døgn	kr 1765,-
Tillegg for dagpakke inkl lunsj dag 2	kr 625,-

Prisar for dei som ikkje overnattar

Dagpakke	kr 625,-
Middag om kvelden	kr 495,-

Sakliste årsmøte:

1. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden.
2. Velje to representantar saman med møteleiaren til å skrive under møteprotokollen.
3. Handsame Årsmelding for 2023
4. Handsame rekneskap og revisjonsmelding 2023
5. Handsame arbeidsplan for 2024
6. Innkomne saker
7. Handsame og vedta budsjett for 2024
8. Val etter vedtektene. - Fastsetje godtgjersle
9. Velje medlem til valnemnda med vara



Medlemmar i Sogn og Fjordane Sau og Geit

Så var det nytt år igjen. Ein har fått opp summert 2023 og er starta med ny frisk på 2024. Mange geitemjølkk produsentar er i gang, eller nettopp ferdig med kjeing, og dermed i full produksjon av geitemjølkk. For oss lammeprodusentar har vi nokre veker igjen til vårens vakraste eventyr, lamminga.

Beitesesongen 2023 hadde ein tørr start dei fleste plassar, men vart etter kvart ganske så våt. Lamma som kom heim frå utmarksbeite var i varierende størrelse og hold, alt etter beiteområde. Den våte beitesesongen førte og til at enkelte områder fekk problem med flugemark. I SFSG sitt område var det lite problem med rovdyr, mykje takk ekstraordinært uttak av jerv i Indre Sogn. Det var registrert kadaversaker, som følgje av fredarovilt i Luster og Sunnfjord. Identifisert som jerv.

Den årlege oppgåva som SFSG legg ned ein god del arbeid i er innspel til jordbrukstingingane. Der tykkjer eg at vi har komme inn i eit godt spor, med god dialog og tilbakemelding frå lokallaga. Dokumentet vi sender ut er forholdsvis langt og omfattande. For langt meiner enkelte. Når høyringa med lokallaga er ferdig, vert det endelege resultatet sendt til Vestland Bondelag, Småbrukarlaget og NSG. I faglaga sitter det personar som ikkje har så god kjennskap til småfenæringa, så dei treng litt god informasjon. Derfor har vi eit så grundig dokument.

Truleg kjem vi aldri dit at alle vert fornøgde med resultatet av jordbrukstingingane. Dei to siste åra har næringa fått eit løft, men det viser ikkje mykje att på konto, då vi har hatt ein kraftig utgiftsauke. Om vi kan kalle nokon vinnarar, så må det være ammegeit som fekk eit produksjonstilskot på kr 2 377 (1-60) kr 1 809 (61-120) Sau fekk 1 935 (1-75) kr 1 460 (76-150). Mjølkegeit (1-125) fekk ingen auke og vart ståande på kr 1 702.

Tilbakemeldinga frå medlemane har alltid vore at velferdsordningane må prioriterast. Derfor var gleda stor då max tilskot til ferie-og fritidsavløsing vart auka med kr 30 000. Ca. 31%. Denne gleda vart dessverre kortvarig, då ei oppdaga at tilskot pr. dyr berre var auka med 5%. Ein auke som knapt dekkja lønnsauken. Ein auke som ikkje vil gje bonden økonomi til feire dagar med ferie/fritid. Derimot må ein auke med 45 sauer/23 mjølkegeit, for å komme i max tilskot. I ei tid der ein har fått produksjonen av lammekjøtt i balanse, og er på eit nivå som markedsregulator meiner er passeleg, er det då rett å stimulere til auke av besetningane. Det same gjeld produksjon av geitemjølkk. Før ein stimulerar til auke, bør Tine få betra omsetninga av geitemjølkk. Tilskotssatsen pr. dyr må aukast ved jordbrukstingingane i 2024.

Økonomien i næringa uroar meg. Til liks med alle andre har vi og fått renteauke, dyrare matvarer og dyrare innsatsfaktorar. Uroa vert ikkje mindre når ein ser utviklinga i tal produsentar, ikkje berre i småfenæringa, men innan heile den grasförbasserte produksjonen. Kor vil dette ende? Mat må vi ha, sjølv om ein av og til lurer på om dei fleste av politikarane våre skjønner det. Når ein i tillegg ser dei store demonstrasjonane i landbruket, i andre land, grunna elendig økonomi, så forstår eg endra mindre at ikkje norske politikarar vaknar når det gjeld sjølvforsyning. Er tendensen, med stor nedgang i tal produsentar, i land som vi importerer matvarer frå, slik som i Norge, så vil det etter kvart kunne verte vanskeleg å få importert det vi treng. I desse urolege tider, med krig fleire stadar, så har det vorte auka fokus på sjølvforsyning. Skal den aukast, slik dei snakkar om i «festtalar» så må politikarane vise handlekraft snarast. I desse klimatider så trur ikkje eg løysinga er færre og større bruk. Kanskje kan ein del av løysinga være kombinasjonsbruk. Der kvar og ein kan utnytte sine resursar på ein optimal måte, ved hjelp av ulike husdyrslag. I Vestland har vi store areal med fantastiske utmarksbeite som berre drøvtyggarar, og då spesielt småfe kan om gjere til mat for folk. Desse ressursane må brukast til matproduksjon.

Det er og på høg tid at ein får dokumentert, kven som sit att med kva, i dei ulike ledda i produktkjeden. Når matvareprisane aukar, så er det bonden som får skulda. Det er mange som har komme med prisen på eit kg Norvegia som ei døme. Den har auka formidabelt i pris i butikk. Kven tener kva, på 1 kg norvegia?

Når det gjeld beiteressursane våre, så er dei under press frå ulike hald. Her har vi alle ein jobb å gjere, med å legge press på kommunane, til å lage beitebruksplan. Ingen av kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane hadde ein slik plan, sist SFSG sjekka. Dette er det viktig å få på plass. No har og Statsforvaltaren begynt å snakke om beitebruksplan, så då er det

kanskje eit håp om at det vert lagt litt press på kommunane. I andre delar av landet er det mange kommunar som har dette på plass.

Eg har ikkje gløymt gjetarhunden, ein viktig reiskap i småfehaldet. Inntrykket mitt er at det vert jobba godt i dei ulike gjetarhundlaga. Aktiviteten rundt om i dei ulike kommunane er varierende, alt etter kor «stort» miljø der er. Har fått nokre tilbakemeldingar på at det er ønskeleg at lokallaga spelar litt meir på lag med gjetarhundlaga. Gjetarhundlaga er viktige i arbeidet med rekruttering, kursing og arrangement som til dømes fylkesmeisterskap, så støtt opp om gjetarhundlaga i regionen. Ta kontakt med gjetarhundlaget når ein til dømes ønskjer arrangere lokale kurs m.m, slik at dei er orientert.

Organiseringa av gjetarhund i SFSG, med lokale gjetarhundlag og ei gjetarhundnemnd som ligg under styret i SFSG, er truleg slik som NSG sentralt ønskjer å få til organiseringa i heile landet. Til no har gjetarhundarbeidet vore organisert på ulike måtar, noke som og har ført til mykje «støy» i enkelte områder. NSG tek sikte på å få til ei lik organisering over heile landet innan årsmøte i NSG i 2025.

Det er ei utfordrande tid vi lever i, og det er mykje ein kan meine noko om. Det viktigaste for næringa no, meiner eg, er at vi som driv grovfôr basert produksjon står saman, i desse tider med svært negativ fokus på rødt kjøtt. Vi må framsnakke produksjon av mat på lokale ressursar, og få forståing for at skal vi auke sjølvforsyninga så må vi ha eit kosthald som bygger på det som vi kan produsere, og då er det berre drøvtyggarane som kan gjere gras om til føde for folk.

Håpar at 2024 vert eit bra år for norsk landbruk, og då spesielt for landbruket som er basert på grovfôr. Gode avlingar, gode vilkår for hausting av graset og gode beiteforhold, med lite tap av dyr.

Godt årsmøte

Ragnhild Sæle

-leiar-



Årsmelding frå styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit 2023

Styret 2023

Ragnhild Sæle – leiar, fokus på rovdyr
Erlend Brede Fossen – nestleiar,
gjetarhundnemnda
Solgun Haugen, sekretær, fokus på rovdyr
Jo Risløv – kasserar, utval for mjølkegeit
Anne Moen – nestleiar avlsutvalet for sau

Varafolk

1. vara: Ole Bjarne Hovland
2. vara: Margrethe Garlid
3. vara: Per Kristian Eide

Revisorar

Ove Årdal
Inge Erikstad

Vararevisorar

Inge Årdal
Jon Helge Sandal

Valnemnda for 2024

Per Ravndal, leiar
Mathias Magne Sølvberg
Hilde Kristin Valland

Vara til valnemnda

Sigurd Vikesland
Ingunn Reme

Web og kommunikasjonsansvarleg

Jonny Lofnes

Leiar gjetarhundnemnda

Roger Løvik

Leiar avlsutvalet

Tom Idar Kvam

Leiar utval for mjølkegeit

Jo Risløv

Lokallag

Det var 38 lokallag i 2023. Fleire av lokallaga har få medlemmar. Fylkeslaget meiner det er fornuftig å slå saman lag der laga er blitt så små at det er vanskeleg å oppretthalde aktiviteten og forholde elles ligg til rette for samanslåing.

Styret i SFSG sende før jul brev til alle lokallag som ikkje hadde levert inn årsrapportering i 2023, med beskjed om at viss SFSG ikkje har motteke protokoll frå årsmøte 2024, årsmelding 2023 og rekneskap 2023 innan fristen 15.februar 2024, vil SFSG kalla inn til årsmøte via teams. Der ei naturleg sak vil vera framtida til lokallaget. Om laget skal leggast ned eller slå seg saman med eit anna lokallag.

Det er 938 medlemmar i fylkeslaget pr 17.2.24, mot 932 medlemmar pr 13.2.23. Det har vore nedgang i medlemstalet siste åra, men med ein liten oppgang siste året. Me oppmodar lokallaga om å gå gjennom medlemslistene sine og sjå om det er nokon ein kan prøve å verve.

I 2023 er det halde 20 styremøte, og det blei handsama 80 saker. Leiarar frå dei ulike utvala har vore med på nokre av styremøta.

Representasjonar i Norsk Sau og Geit

Styremedlemmane har delteke på diverse møte og arrangement. Frå fylket er Ragnhild Sæle ordførar i representantskapen og Eli Folven er direktevalt geiterepresentant til representantskapen. Roger Løvik er vara for Region Vest i Gjetarhundrådet, Tom Idar Kvam er nestleiar og fast representant for Region Vest i Avlsrådet for sau, Lars Nesse er medlem i Utmarksrådet og Torleiv Straume jr. medlem i Team Ung.

Oversikt over nokre møte der Sogn og Fjordane Sau og Geit har vore representert gjennom året;

- Årsmøte i NSG på Park Inn by Radisson Oslo Airport West - Jo Risløv, Solgun Haugen, Tom Idar Kvam og Jon Nummedal var utsendingar frå Sogn og Fjordane.
Ragnhild Sæle var ordførar
- Årsmøte Vestland Bondelag – Erlend Brede Fossen
- Teams-møter for sentralt tillitvalgte i NSG – Erlend Brede Fossen
- Representantskapsmøte i NSG – Erlend Brede Fossen
- Møte med Vestland Bondelag i samband med innspel jordbrukstingingane – Ragnhild Sæle
- Møte med Statsforvaltaren i Vestland ang beitedyr i utmark - Ragnhild Sæle
- Årsmøte Vestland landbruksråd – Ragnhild Sæle

Info frå SFSG

Referata frå styremøta vert lagt ut på heimesida, og det gjeld òg for referat frå arrangement i regi av SFSG. Det er sendt ut to medlemsskriv i 2023: juli og desember.

Styret har dessverre opplevd at informasjon ikkje kjem ut til medlemmane i lokallaga, men stoppar opp hjå den som mottok e-posten i lokallaget. I 2022 byrja difor styret å bruka «min side» aktivt til å senda ut informasjon til alle medlemmane i SFSG. Styret vil oppmoda lokallaga om å gå gjennom medlemslistene og få sendt inn oppdaterte e-postar på medlemmane sine. Det er fleire medlemmar som ligg utan eller med feil e-post i medlemsregisteret, og desse vil då ikkje få informasjonen som vert sendt ut via «Min side».

Utval for mjølkegeit, avlsutvalet, gjetarhundnemnd

Sjå eiga årsmelding.

Aktivitetar

Småfesamling 2023

Småfesamling 2023 vart arrangert på Thon hotell Jølster 6-7.1.2023. Anders Felde frå Vestland Bondelag opna det heile, før Hans Thorn Wittussen frå Nortura snakka om «Utfordringar og marknad for sau og lam» og «Nortura, vegen vidare». Vibeke Tømmerberg frå Animalia var innom «Parasitter hos sau» og «Rutinar gjennom saueåret». Laurdag fekk deltakarane ein presentasjon av Vestland Bjøllelag, tillegg til innlegg om «Finansieringsordningar for bygg til sau» v. Karsten Valland frå Innovasjon Norge. Johannes Nedrebø snakka litt om økonomien i sauehaldet, før Statsforvaltaren i Vestland v. Mary Ueland avslutta det heile med diverse informasjon deriblant om beitebruksplanar. Grunna dårleg vær var det mange av føredragshaldarane som ikkje kom seg til Skei og dessverre måtte vera med via Teams.

Teamsmøte med lokallaga

Styret har arrangert to teamsmøte med lokallaga i 2023. «Min side-NSG» var tema 10.januar og revidert innspel til jordbrukstingingane 2023 den 9.februar.

Kadaverkurs

Styret arrangerte kadaverkurs saman med Sogndal Sau og Geit 16-17.juni 2023 i Sogndalsdalen. Instruktørane kom frå Norske Kadaverhunder. Det var 8 påmelde til kurset, men ein deltakar møtte ikkje opp. Kurset var delt opp i ein teoridel og ein praksisdel. Styret vil retta ein takk til Sogndal Sau og Geit.

Fagdag Stadlandet

Laurdag 19.august arrangerte SFSG fagdag på Stadlandet saman med Ytre Stad Sau og Geit i strålande sol, der hovudfokus var «Beite og gjerdeprosjektet i Selje». Det var totalt 13 personar med på dagen, som starta med litt informasjon om gjerdeprosjektet før ein var rundt og såg på ulike prosjekt. Rundturen starta på Drage der ein fekk informasjon om gjerdeprosjektet på plassen og fekk helse på Kystgeita. Turen gjekk vidare til Hoddevik og Honningsvåg. Nest siste stopp var Vestkapp før den vart avslutta i Ervik. Der fekk ein ei innføring i historia til Ervik, før turen vart avslutta med ei matøkt i Eldhuset til Geir Ole Ervik. Styret i SFSG vil retta ein stor takk til Ytre Stad Sau og Geit som hadde laga til eit flott opplegg for fagdagen.

Kvelden før inviterte styret medlemmane i Ytre Stad Sau og Geit til pizza på Stad Hotell.

Haustsamling

Haustsamlinga 2023 vart arrangert på Thon hotell Jølster 3-4.11.2023. Fredag var det hovudfokus på utfordringa med beiterett og utmarksbeite v. styremedlem i NSG Ketil Trongmo. I tillegg til litt info om kva som rører seg sentralt i NSG. Laurdag fekk alle koma med sine meiningar til NSG sentralt, før Statsforvaltaren i Vestland v. Mary Ueland snakka om korleis få fleire beitedyr i utmark og beitebruksplanar. Samlinga vart avslutta med lokallaget sin time og ein representant frå Nortura som snakka om klassifisering av slakt og ull.

Det var markering av SFSG 75 år i samband med middagen. Lars Nesse held innlegg om historia til laget og Terje Lyngstad held innlegg med «skråblikk på sauene og geita».

Styret i SFSG meiner det var ei bra samling, men at det kunne vore fleire deltakarar. Ein må prøva å finna ut kva som må gjerast for å få fleire til å møta, og kva tema som er aktuelle for å få folk til å koma

Geitehelga

Geitehelga vart arrangert på Thon hotell Jølster 18-19.11.2023. Hovudfokus var på økonomi og framtida for mjølkegeita. I tillegg er det ein viktig sosial samlingsplass for geitehaldarane.

CWD og saltsteinsforbod i Nordfjella-sona

Representant frå styret i SFSG har ikkje delteke på møter i 2023

Nokre viktige saker styret har jobba med i 2023


- Innspel til jordbrukstingingane 2023 og førebuing til jordbrukstingingane 2024
- Innspel til valnemnda i NSG og kandidatar til råd og utval i NSG
- Innspel på høyring arealkrav dyrevelferdsmeldinga
- Innspel på høyring dyrevelferdsmelding sau
- Innspel på kandidat Regionale Landbrukssamvirke
- Innspel høyring RMP Vestland
- Brev til NSG ang lang sakshandsamingstid i Gjetarhundrådet
- Apotekavtalar
- Oppfølging av lokallag som ikkje har sendt inn årsrapport mm.
- Handsama søknadar om tilskot til lokallaga
- Sendt brev til NSG med ulike spørsmål
- Sendt sak til årsmøte i NSG 2024



Kystgeite ved Drage



Hoddevik



Ervikstranda

Org.nr	Lagsnamn	Leiar	E-post	Tlf.nr	Medl
	Askrova Sau og Geit	Simon Hovland	Hovlandsimon@gmail.com	971 51 127	10
986762272	Askvoll Sau og Geit	Henrik Arthur Veiesund	havsund@hotmail.com	911 88 962	25
921975120	Aurland Sau og Geit	Eldrid K. Grønsberg	ol-gro2@online.no	913 25 165	31
987705779	Breim Sau og Geit	Vidar Sandal	vidar.sandal@eninvest.net	948 31 201	29
811660582	Bremanger Sau og Geit	Åse Leirgulen	aseleir@gmail.com	909 67 726	15
920763162	Eid Sau og Geit	Jan Kåre Ravnøy	Jkr121061@gmail.com	482 27 510	79
921957114	Eikefjord Sau og Geit	Vidar Knapstad	vidar@eikefjordbygg.no	909 94 023	15
916707762	Fjorden og Dale Sau og Geit	John Øvrebø	joevrebo@online.no	976 53 771	19
	Fjærland Sau og Geit	Endre Distad	endredistad@hotmail.com	952 69 217	7
886786042	Flekkje Sau og Geit	Peter Kåre Igelkjøn	peterkareigelkjon@yahoo.no	977 51 063	9
922130493	Fresvik Sau og Geit	Ronny Hov	ronnyhov@gmail.com	975 09 328	13
986695001	Førde Sau og Geit	Øystein Holsen	oystein.holsen@gmail.com	917 84 092	45
916809751	Gaular Sau og Geit	Helge Skagen	helg-ska@online.no	913 62 663	22
986620257	Gloppen Sau og Geit	Rolv Roger Mykland	rolvmykland@hotmail.com	997 15 180	44
918115307	Gulen Sau og Geit	Åse Haugen	haugena@online.no	482 50 014	17
	Hestad Sau og Geit	Knut Arne Laukeland	knutarnelaukeland@hotmail.com	970 91 795	6
986737863	Holmedal Sau og Geit	Marina Gjöringbø	marina.gjoringbo@gmail.com	948 52 534	25
987621273	Hornindal Sau og Geit	Rune Haugen	Runha26@gmail.com	481 93 813	7
922302588	Hyllestad Sau og Geit	Oddvin Kverhellen	oddvinkverhellen@gmail.com	480 57 889	8
987715588	Jølster Sau og Geit	Ragnhild Sæle	ragnhild.saele@eninvest.net	416 33 342	50
988102172	Leikanger Sau og Geit	Marit Henjum Halsnes	post@henjatunet.no	415 11 774	19
917063788	Luster Sau og Geit	Sigbjørn Skjerdal	s_skjerdal@hotmail.com	909 24 981	60
920359140	Lærdal Sau og Geit	Ingebrigt Bøe	laerdalsauoggeit@gmail.com	976 25 816	53
987024534	Naustdal Sau og Geit	Ronny Herstad	Ronny.herstad@eninvest.net	960 17 917	21
818457022	Nordalsfjord Sau og Geit	Magnus Andre Sundal	magnus.sundal@eninvest.net	997 33 035	9
	Nordsida Sau og Geit	Sigmund Larsen	siglarse@online.no	952 23 529	9
921574762	Oldedalen Sau og Geit	Rune Egil Myklebust	runeegil@online.no	959 23 253	18
987265450	Sogndal Sau og Geit	Johannes Gunvordal	jgunvordal@gmail.com	909 19 229	68
990030200	Solund Sau og Geit	Anne Marie Gåsvær Færøy	gfaeroey@online.no	992 98 975	10
986684107	Stavøy Sau og Geit	Dagmar Vigdis Falkenstein	stallgryta@yahoo.com	958 55 066	8
918541306	Stryn Sau og Geit	Bjørn Inge Flo	Bjorn.inge.flo@eninvest.net	415 10 801	45
821203422	Vetlefjorden Sau og Geit	Renate Rendedal	Rendedal.renate@gmail.com	472 37 714	8
987244941	Vik Sau og Geit	Jon O. Nummedal	jon.nummedal@sogn.no	481 05 377	44
918502815	Vikane Sau og Geit	Oddbjørn Reme	oddbjorn_reme@icloud.com	976 82 197	12
990236631	Viksdalen Sau og Geit	Eli Berge Ness	eli.ness@online.no	958 66 050	26
987290897	Ytre Sogn Sau og Geit	Rolf Borlaug	rolf.borlaug@eninvest.net	970 37 574	22
988684015	Ytre Stad Sau og Geit	Daniel Dalsbø	danielvidar@hotmail.com	974 87 351	21
921793359	Årdal Sau og Geit	Erling Offerdal	erlingofferdal@hotmail.com	414 44 226	8

Pr 31.12.23 937

Sogn og Fjordane Sau og Geit Rekneskap 2023

Resultatrekneskap	Notar	Budsjett 2023	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022	Budsjett 2024
INNETEKTER					
Medlemskontigent		325 000	341 114	309 908	350 000
Kåringsavgift		233 750	211 350	0	209 000
Salsinntekter		9 250	19 110	0	10 500
Inntekt avlsutval sau			0	209 500	
Inntekt gjetarhundnemnd			0	5 110	
Tilskot		0	0	0	0
Andre inntekter			0	3 000	0
Sum driftsinntekter		568 000	571 574	527 518	569 500
KOSTNADER					
Innkjøp NSG-effektar for videresal og gåver		2 000	3 389	300	1 500
Kostnader avlsutval sau			0	212 385	
Kostnader gjetarhundnemnd			0	7 832	
Kostnader mjølkegeitnemnd			0	3 097	
Avgifter kåring og prøvar		28 000	10 030	0	10 000
Stønad til aktive lokallag		100 000	64 231	23 377	100 000
Godtgjersle til leiar		20 000	20 000	20 000	20 000
Godtgjersle til sekretær		15 000	15 000	15 000	15 000
Godtgjersle til Web-ansvarlig		4 000	4 000	4 000	4 000
Godtgjersle til kasserar/rekneskapsførar		15 000	15 000	15 000	15 000
Fast godtgjersle utvalsmedlemmer		22 000	22 000		22 000
Møtegodtgjersle/dommarhonorar		250 000	242 300	111 400	250 600
Arbeidsgjevaravgift		34 300	33 673	17 532	33 300
Rekvisita		21 000	19 246		11 000
Datautstyr og lisensar		7 000	7 277	6 510	8 000
Kontorrekvisita/porto med meir		15 000	3 250	2 779	5 000
Årsmøtehelg	2	35 000	32 285	32 209	35 000
Hautsamlings	3	20 000	31 903	17 810	25 000
Andre kostnader møte/kurs		5 000	26 795	0	30 000
Reiseutgifter		78 000	96 045	23 146	100 000
Gåver/helsingar med meir		3 000	4 208	3 300	5 000
Andre kostnader		10 000	2 030	1 506	6 000
Sum driftskostnader		684 300	652 663	517 184	696 400
Driftsresultat		-116 300	-81 089	10 335	-126 900
Renteinntekter		10 000	12 805	4 700	15 000
Resultat		-106 300	-68 284	15 035	-111 900

Balanse	Notar		Rekneskap	Rekneskap
			31.12.2023	31.12.2022
Utestående krav	4		225 665	30 018
Spb Sogn og Fj. 3703.20.15213			276 168	405 764
Spb Sogn og Fj. 3703.61.15409			411 210	504 342
Spb Sogn og Fj. 3705.05.09836 skt.tr.	5		45 279	12 499
Spb Sogn og Fj. 3705.18.24831 fond	6		66 590	65 343
Sum eidedeler			1 024 912	1 017 966
Årets resultat			-68 284	
Fri egenkapital	6		819 209	819 209
Bunden egenkapital	6		61 528	61 528
Sum egenkapital			812 454	880 738
Langsiktig gjeld	7		10 972	10 972
Leverandørgjeld			44 756	5 110
Gjeld til det offentlege	5		68 123	20 716
Anna kortsiktig gjeld	1		88 606	100 430
Sum gjeld			212 458	137 229
Sum gjeld og egenkapital			1 024 912	1 017 966

Jo Risløv
Kasserar

Ragnhild Sæle
Leiar

Ove Årdal
Revisor

Inge Erikstad
Revisor

Rekneskapsprinsipp

Inntekter er inntektsførde når dei er opptente, og kostnader kostnadsførde når dei er påkomne. Mottekne fondsmidlar og utgifter trekt av fondsmidlar, er ikkje førde i resultatreknskap.

Notar

Note 1 – Anna kortsiktig gjeld

Herav kr. 31 100 i FKT-midlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for utbetaling til FKT-tiltak

Note 2 - Årsmøtehelg

Kostnader utanom møtegodtgjersle og reise

Note 3 – Haustsamling

Kostnader utanom møtegodtgjersle og reise

Note 4 – Krav

Av dette utgjer kundekrav kr. 225 665

Note 5 – Skattetrekk

Skuldig skattetrekk utgjer pr. 31.12.2023 kr. 45716

Note 6 – Eigenkapital og fond

	Fri eigenkapital	Fond spesielle tiltak	Fond rovdyrtiltak	Fond geitefilm	Total eigenkapital
Balanse pr 31.12.2022	819 209	9 068	50 960	1 500	880 738
Disponering av resultat 2023	-68 284				-68 284
Balanse 31.12.2023	750 925	9 068	50 960	1 500	812 454
Bunden eigenkapital avsett på fond pr 31.12.2023		61 528			
Saldo på fondskonto i bank pr 31.12.2023		66 590			

Note 7 – Langsiktig gjeld

Tilskot tiltak unge bønder

10 972

Avdelingsrekneskap	Hovudstyre	Avlsutval	Gjetarhund	Mjølkegeit	Totalt
	70	71	72	73	
INNETEKTER					
Medlemskontigent	341 114	0	0	0	341 114
Salsinntekt	10 110	211 350	9 000	0	230 460
Tilskot	0	0	0	0	0
Andre inntekter	0	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	351 224	211 350	9 000	0	571 574
KOSTNADER					
Varekostnad	36 359	8 769	10 030	0	55 158
Godtgjersle til leiar og medlemmer	45 000	8 000	2 000	2 000	57 000
Møtegodtgjersle	134 000	108 300	0	0	242 300
Andre godtgjersler	19 000	0	0	0	19 000
Arbeidsgjevaravgift	20 928	12 321	212	212	33 673
Kjøp av rekvisita og utstyr	7 277	10 478	0	0	17 755
Konsulenttenester	0	0	0	0	0
Kontorrekvisita/porto med meir	0	3 250	0	0	3 250
Møte og kurs	47 034	12 930	0	4 555	64 519
Reisekostnader	87 104	34 537	0	867	122 508
Gåver og helsingar med meir	3 408	0	800	0	4 208
Andre utgifter	33 291	0	0	0	33 291
Sum driftskostnader	433 402	198 585	13 042	7 634	652 663
Driftsresultat	-82 178	12 765	-4 042	-7 634	-81 089
Finansinntekter	12 805	0	0	0	12 805
Finanskostnader	0	0	0	0	0
Avdelingsresultat	-69 373	12 765	-4 042	-7 634	-68 284

Budsjett: Resultatmål utval og nemnder

-10000

-10000

-10000

Pokalar og utmerkingar

Samuel J. Førde`s minnepokal – beste 1. pr geit – kropp og jur.

Dei som til no har fått ein eller to aksjar i pokalen er desse:

2007: Eva og Noralf Høydal	Skjærli	6983	Kvammen
2008: Ester og Atle Løvland	Kandal	6823	Sandane
2009: Annlaug og Erling Vanberg	Kandal	6823	Sandane
2010: Grethe og Sigurd Vikesland	Vikesland	5742	Aurland
2011: Kjellaug og Ingmar Hjellum	Midje	5745	Aurland
2012: Åse og Rune Myklebust		6791	Oldedalen
2013: Grethe og Sigurd Vikesland	Vikesland	5745	Aurland
2014: Gørild Tveit og Einar Lie		5745	Aurland
2015: Grethe og Sigurd Vikesland	Vikesland	5745	Aurland Fekk pokalen til eige.

Ny pokal sett opp av styret i SFSG

Vandrepokal for beste geit i Sogn og Fjordane

2016: Grethe og Sigurd Vikesland	Geit nr: 4403 Blårose	5745	Aurland
2017: Åse og Rune Myklebust	Geit nr: 5027	6791	Oldedalen
2018: Åse og Rune Myklebust	Geit nr: 6024	6791	Oldedalen
2019: Åse og Rune Myklebust	Geit nr: 6012	6791	Oldedalen

Beste geit 2021

Anne Karin Hatling og Harald Skjerdal Geit nr: 9005 Wiskey 5745 Aurland

Beste bukk i Sogn og Fjordane

2016: Nr. 2013 0122 Brekviten,	Jon Olav Kvamme	Ind. 132
2017: Nr. 2014 442	Eva og Noralf Høydal	Ind. 126
2018: Nr. 2015 122 K 2	Åse og Rune Myklebust	Ind. 135
2019: Nr. 2016 446	Jan Ove Selseng	Ind. 137
2020: Nr. 2017 139	Jørn Arne Vanberg	Ind. 129
2021: Nr. 2018 431 Morka Per	Jostein Flatland og Svein Jarle Selseng	Ind. 130
2022: Nr. 2019 124	Åse og Rune Myklebust	Ind. 127
2023: Nr. 2020 782	Grethe og Sigurd Vikesland	



Jon Hegdal`s minnepokal for beste avkomsgranska ver, uansett rase.

2012:	201159436	Jæger Mix	Magnar Sunde	ring 175	NKS
2013:	201258276	Stas Krøss	Magnar Sunde	ring 175	NKS
2014:	201355218	Topp Sandal	Jon Sandal	ring 175	NKS
2015:	201456204	Pilten	Bjørn Olav Nedrebø	ring 171	Sjeviot
2016:	201557838	Mykløssen	Rolf Roger Mykland	ring 168	NKS
2017:	201658876	Birkelid Ess	Vidar Heggheim	ring 163	Sjeviot
2018:	201759001	Prins Haugstad	Einar Helge Haugstad	ring 168	NKS
2019:	201855814	Feetknekten	Oddgeir Feet	ring 178	NKS
2020:	201956715	Framnes Elg	Kåre Jostein Sylvarnes		NKS
2021:	202057237	Myklegull	Rolv Roger Mykland, Nordfjord verering		NKS
2022:	202158733	Birkelid Niklas	Vidar Heggheim, Sunnfjord Sjeviotring		Sjeviot
2023:	202259377	Margimskruften 1	Kristian Mardal, Nordfjord verering		NKS

Oversikt over vinnarar av vandrepokal Gjetarhund:

2007:	Halvor Tenden	med Drift	
2008:	Egil Syvertsbråten	med Don	
2009:	Kurt Magne Fardal	med Kez	
2010:	Frode Gjerde	med Sam	
2011:	Egil Syvertsbråten	med Bill	
2012:	Magnus Grimeland	med Sanki	
2013:	Magnus Grimeland	med Sanki	
2014:	Roger Løvik	med Aslan	
2015:	Roger Løvik	med Prince Caspian	
2016:	Magnus Grimeland	med Sanki	Fekk pokalen til eige.

Ny pokal sett opp av SFSG:

Vandrepokal: Fylkesmeister gjetarhund i Sogn og Fjordane

2017:	Halvor Tenden	med Adam	
2018:	Roger Løvik	med Strawmoor Ayla	
2019:	Roger Løvik	med Strawmoor Ayla	
2020:	Halvor Tenden	med Adam	
2021:	Halvor Tenden	med Ztripz	Fekk pokalen til eige.
2022:	Kurt Magne Fardal	med Sting	
2023:	Roger Løvik	med Medusa	

Avlsutvalet for sau i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2023

AVLSUTVAL SAU FRÅ 01.01.2023

Tom Idar Kvam, 6869 Hafslo: leiar tlf. 909 33 948 e-post: ti.kvam@online.no

Einar Helge Haugstad, 6770 Nordfjordeid: kåringsansvarleg tlf. 480 38 573

e-post: ehehaugs@online.no

Jostein Flatland (bruksbesetning)

Anne Moen: nestleiar (representant frå styret i SFSG)

Johannes Nedrebø (Nortura)

Avlsutvalget i fylket har ansvaret for å spre framgangen som vert skapt i vereringene til bruksbesetningane. Avlsutvalet har også ansvar for å organisere kåring av verlam

Vereringane

Vereringane har hatt 3. året med innsett av prøveveverar som er genomisk selekterte frå gentestar utførde om våren.

Avlsutvalet hadde møte med vereringane og bruksbesetningane 23/3-23, godt oppmøte og gode diskusjonar.

Tema: lønsomheit i avl, genomisk seleksjon og saker til avlsrådet.

Kåring

Avlsutvalet organiserar alle kåringane i fylket, det er ei arbeidskrevande oppgåve som tek mykje tid og nøye planlegging.

Kåringa gjekk stort sett bra, men det er rom for forbetring hjå dei som ikkje har tilgang på inne areal. Tørre dyr er alfa og omega når me skal sjekka ulla i lupe.

Jølster snudde seg rundt då det var meldt eit skikkeleg uvær kåringsdagen, og gjennomførte gardskåring som etter forholda gjekk svært bra teke i betrakting at det vart bestemt kvelden før!!

Dette var første året Sogn og Fjordane hadde sentral innkreving av kåringsavgift, og ein betalte berre for kåra lam.

890 lam møtte til kåring i 2023 (848 i 2022).

Avlsutvalet er frå 2013 organisert med eigen kåringsansvarleg som jobbar berre med kåringane, dette tykkjer me har fungert svært godt.

Me har mange flinke dommarar og det er viktig at dei får dømme ein del sjå slik at ein held oppe «standaren».

Avlsutvalet arrangerte kåringskurs på Hafslo 28/08. Svært vellukka dag der ein diskuterte bra, og prøvde å verta så samstemte som mogeleg.

Beste Ver

Beste ver i Sogn og Fjordane 2023:

Nks: 202259377 Margimskrufen 1 O-Ind: 144

Oppdrettar: Kristian Mardal, nordfjord verering, avd Gloppen

Spæl: 202259601 Solstu Årdal 1 O-ind: 138

Oppdrettar: Inge Årdal, Sogn og Fjordane spælring

Sjeviot: 202259695 Birkelid Balder O-ind: 140

Oppdrettar: Vidar Heggheim, Sunnfjord Sjeviotring

Pels: 202259474 Finn Skartun O-ind: 140

Oppdrettar: Jarle Skartun, Sogn Pelssauring

Møte

Avlsutvalet har i 2023 hatt 2 fysiske møte, og 1 teamsmøte.

Me arrangerte møte med ringane 23/3 på Skei.

Sluttord

Leiaren i avlsutvalet er frå 1/1-23 fast medlem av avlsrådet for sau, og nestleiar i avlsrådet frå 1/7-23. Det er mange store oppgåver framover. Avlssjef Thor Blichfelt har sagt opp stillinga si frå 31/3-24 og det blir jobba med å få tak i ny avlssjef.

For avlsutvalet i Sogn og Fjordane

8/2 2024

Tom Idar Kvam

leiar



Mjølkegeitgruppa - årsmelding 2023

Jo Risløv (leiar), Andreas W. Wiese, Jørn Arne Vanberg og Eli Folven har vore medlemmar av geitegruppa i 2023. Gruppa har hatt to nettmøte i løpet av arbeidsåret i samband med geitehelg 2023 innspel til jordbrukstingingane 2024. Elles har gruppa hatt litt kontakt via e-post og telefon.

Den 18. og 19. november 2023 var det geitehelg på Skei med både fagleg og sosialt innhald. Det var godt oppmøte med deltakarar frå Sogn og Fjordane og nokre nabofylke. Me hadde innleiarar frå både NSG, Tine og faglaga med ein avsluttande debatt laurdag ettermiddag. Tine stilte med smaksprøve av ein ny salatost med geitemjolk, som vert lansert i 2024. Sundag heldt Mimiro og Statsforvaltaren innlegg før underteikna avslutta med ein bolk om økonomi og jordbrukstingingar.

For Mjølkegeitgruppa i SFSG

Jo Risløv



Årsmelding for 2023 - Gjetarhundnemnda i SFSG

Gjetarhundnemnda i Sogn og Fjordane Sau og Geit har vore samansett slik i 2023:

Leiar: Roger Løvik, Sunnfjord og Ytre Sogn Gjetarhundlag
Nestleiar: Erlend Fossen, Sogn og Fjordane Sau og Geit
Sekretær: Guro Hofslundsengen, Indre Sogn Gjetarhundlag
Styremedlem: Jan Kåre Ravnøy, Nordfjord gjetarhundlag

Nemnda har hatt 2 styremøte i årsmøteperioden.


Nordfjord gjetarhundlag arrangerte Fylkesmesterskapet i år, heime hos Roar og Linda Alsaker i Olden. Fylkesmesterskapet blei avslutta med finale med dobbelhent og sortering, for dei 5 beste hundane i innledande. Lørdagen før hadde dei og prøve i alle 3 klassane
I år blei Roger Løvik med Medusa Fylkesmester 2023.

Sogn og Fjordane hadde to plasser på NM i 2023. Her stilte Roger Løvik med Medusa og Skjalg. Dei endte på 8 plass og 41 plass av 90 startande, og blei dermed 3 beste fylke under Nm. Sogn og Fjordane hadde og ein hund i finalen for første gang på 15 år.

Det har vært god aktivitet i laga, i 2023, med mange fellestreninger, groft rekna ca 100. Det vart arrangert 10 kurs med 67 deltakarar på, og vi fekk 21 nye godkjente gjetarhundar i 2023. Spesielt bra har det vært i Indre Sogn der dei aleine fekk 15 nye godkjente gjetarhundar.

For gjetarhundnemnda i Sogn og Fjordane

Roger Løvik



ÅRSMELDING SYSG 2023

Styret i Sunnfjord og Ytre Sogn Gjetarhundlag har bestått av:

- Roger Løvik, leiar
- Kristina Østerhus, nestleiar
- Onar Osland, styremedlem
- Erlend Fossen, varamedlem
- Kjell Åge Birkeland, varamedlem

Andre tillitsvalde:

- Jan Ove Steinseth, revisor

Valgnemnd:

- Nora Birkeland, leiar
- Tommy Aasen, medlem

I 2023 hadde laget 24 medlemmer.

Styret hadde ikkje møte dette året.

I 2023 var det faste treningar hos Roger Løvik frå desember og utover vinteren og frå juni og utover hausten. Vi hadde eit kurs over to helger i sommar.

Laget hadde to ekvipasjer som stilte på Nm i bruk av gjetarhund. Dette var Roger Løvik med hunden Medusa og Skjalg. Dei endte på 8 plass og 41 plass av 90 startande.

Laget fekk og fylkesmesteren i 2023. Roger Løvik med Medusa fekk tittelen.

Roger Løvik

Leiar

Årsmelding Nordfjord gjetarhundlag 2023

Styret har vore samansett slik:

Leiar Jan Kåre Ravnøy

Nestleiar Stig Jørgen Kvalevåg

Sekretær Sahra-Helen Fuglestrand

Kasserar Roar Alsaker

Styremedlem Bjørn Aardal

Vara til styret Ida Elisabeth Lien og Tina Eide

1 vara har vore på med styremøta

Laget har 36 betalende medlemmar

Det har i arbeidsåret vore halde 1 årsmøte og 4 styremøter. Saker som laget har arbeidd med i arbeidsåret er, kvalifikasjon i Nursery for Sogn og Fjordane og Hordaland som ein region. Fylka har ansvar for å arrangere Nursery kvalifikasjon og Nordfjord Gjetarhundlag tok på seg å arrangere prøva i 2023. Den gjekk i Olden 19 og 20 oktober, hjå Roar og Linda Alsaker.

Det var Nordfjord Gjetarhundlag sin tur å arrangere Fylkesmeisterskap i bruk av gjetarhund. Den gjekk i Olden 1 oktober, hjå Roar og Linda Alsake. Fm gjekk innleiande i klasse 3 og dei 5 beste gjekk til finale med dobbelthent. FM vart Roger Løvik med Medusa.

Kaget arrangerte 2 distrikts prøvar i arbeidsåret, 1 sommarprøve i klasse 1 og 2 den 23 juni hjå Roar og Linda i Olden, og 30. oktober vart det DP med klasse 1, 2, og 3 i Olden.

Laget har arrangert 6 gjetarhund kurs i arbeidsåret med 35 deltakara, instruktør som vi nytta var Halvor Tenden i Olden. Atle Arnesen og Phillip Shipps på Lote. I juni var det double kurs i Pælida med Audun Seilen og Jan Tore Veland og eit kurs i august på Bjørhovde med Jan Kåre Ravnøy.

Det vart 4 nye godkjente bruksprov i laget. Dette er Sarah-Helen Fuglestrand med Makita, Sigbjørn Fenn med Prins, Jan Kåre Ravnøy med Pepsi, og Magnus Guddal med Bull. Laget gratulerer!

Det var tilbod om fellestreningar i lager. Dei var på Søreidei Gloppen, på Melheim i Olden og Pælida på Eid. God deltaking på desse, men hadde vore ein fordel med ein ekstra treningsdag i Eid området pga mange deltakara.

Sogn og Fjordane fekk spørsmål om å arrangere NM i bruk av Gjetarhund. Styret hadde møte med Resten av laga i Fylkes og sekretæren i NSG. Etter god behandling i styra vart det vedtatt å ikkje gå vidare med arrangeringa av NM for vår del i denne omgang.

Nordfjordeid 21.01.24 Jan Kåre Ravnøy

Årsmelding for Indre Sogn Gjetarhundlag 2023

Me har i 2023 hatt 34 betalende medlemmar. Det har vore fleire styremøte som har foregått via fysisk møte, teams og telefonmøter, elles har me hatt mykje kontakt via messenger. Det blei arrangert fellestreningar i ridehallen på starten av året og ein del fellestreningar i sommar og utover hausten hjå medlemmane.

I april vart det halde kurs i Sogndal på Loftesnes og Haglin. Teorien fredagen og sosial kveld på laurdagen i Gaupne hjå Kurt Magne. Ivar Haug og Audun Seilen var instruktørar. Me hadde prøve med kl 1 etter kurset der Audun var dommar. Det var 13 stk som stilte og 6 stk som fekk godkjent bruksprov.

Me har hatt mange aktive medlemmar i år, som har resultert i 11 ekvipasjar som stilte frå ISG på fylkesmesterskapet i Olden. Der hadde me 3 plassar i finalen frå ISG og 6 ekvipasjar som stilte på nursery i Olden, der Kurt Magne kom vidare til finalen i Stjørdal.



Gjetarhundprøve for kl 1 og 3 vart halde i Gaupne 5. november. 6 stk stilte til kl 1 og 3 fekk godkjent bruksprov, og 11 stk stilte i kl 3. Jan Kåre Ravnøy var dommar og styret vil gi ein ekstra takk til Kurt Magne som stilte med sau til prøven, då han sjølv var i Stjørdalen og gjekk finalen i Nursery.

Tilsaman er det 15 nye bruksprov i laget i år.

Me har og starta vintersamling med Roger Løvik. Me har hatt ca 1 dag i mnd der denne gruppa samlast og trenar ilag med instruktør, som har vore vellykka til no.

Eg vil gi ein ekstra takk til styret i år som har vore veldig aktive og flink til å få i gang aktivitet!

Sogndal 24.01-2024

Indre Sogn Gjetarhundlag v/ Guro Hofslundsengen

ORGANISERT BEITEBRUK I VESTLAND – 2023

Med ein tørr start og våt slutt mange stader har sesongen vore varierende i fylket. Mykje nedbør gjev somme stader ein lang sesong med gode beite, medan det i andre område vert utrivelege høve for dyra. Her kjem eit samandrag frå årets rapportar frå beitelaga i Vestland.

Beitenæringa i Vestland viser seg å vera aktiv og engasjert. Det er totalt 205 beitelag som har søkt om driftstilskot, og desse representerer omtrent 2600 beitebrukarar som slepp dyr i utmarka. Til saman vart det sleppt i underkant av 300 000 beitedyr i beitelag. Det er ei auke i tal storfe og geit, og ein nedgang i tal sau og lam.

På landsbasis vart det sleppt nærmare 1,4 millionar beitedyr gjennom organisert beitebruk. Dette er ein nedgang på 50 000 dyr frå året før, men totalt tal er omtrent likt som i 2021. Av totalt sleppte dyr nasjonalt er 21 % heimehøyrande i Vestland. Det er berre Innlandet som har fleire dyr i organisert beitebruk. På tapsstatistikken kjem fylket også godt ut, der gjennomsnittleg lammetap i landet var 6,8 %, medan Vestland hadde eit tap på 5,2 %.

Beitelag i heile fylket har rapportert om ein tørr start kombinert med ein særstilt sommar. Den tørre våren gjorde at mange hadde seinare beiteslepp enn vanleg. Det blaute vêret gjorde også at det vart tidleg haust i fjellet, og dyr trakk heim før planlagt sanking. Tomme område gjer at dyra vandrar langt, og det gjev mykje arbeid og lange turar for tilsyn og sanking.

I tidlegare Hordaland viser tilbakemeldingane at sesongen har vore normal til god, men mange har høgare tap enn året før. Beitet har vore greitt, mykje fine lam, men nokre dyr måtte slutførast. I gamle Sogn og Fjordane har mange hatt ein grei sesong med lågare tap enn tidlegare. Heilt nord har sesongen vore krevjande for fleire, med forsvunne dyr, låge vekter og spreing i flokken. I indre strøk vert det rapportert om besetningar med auka tap, utan dokumentert årsak.

Mange lag melder om observasjonar av ørn, og mistenker mykje tap til ørn og rev, spesielt tidleg i sesongen. Elles er det ein del flugemakk og flåttborne sjukdommar, og noko skårfeste, ulukker og dokumentert jerveskade. Det er delte meiningar om turgåarar i beiteområda; nokre får god hjelp og tilbakemelding om sjuke og skada dyr, medan andre opplever at turgåarar lagar uro og problem.

Det er som alltid store variasjonar mellom buskapar, beitelag og område. Det er også utfordrande å dokumentere tapsårsak når mange av kadavera ikkje vert funne. Stadig fleire nyttar elektronisk sporingsutstyr, og har god hjelp av dette gjennom sesongen.

Mange lag har eit ønske om auka rekruttering, og det ser vi som svært positivt. For dei som har dyr i område med påvist skrantesjuka på villrein, Nordfjella og på Hardangervidda, er manglande rekruttering eit stort problem. I følgje CWD-soneforskrifta er det ikkje tillate med nye gjestebeitarar (besetningar som ikkje er heimehøyrande i områda), i frykt for å spreie skrantesjuka. I 2023 har det blitt utarbeida tiltaksplanar for fleire nasjonale villreinområde, deriblant Nordfjella og Hardangervidda. Per no har det ikkje blitt foreslått store tiltak som vil sette nye avgrensingar for landbruk og beitenæring, men det vil ta tid før vi veit kva tiltak som skal tre i kraft.

Det meldast om godt samarbeid i laga, og det vert gjort mykje godt arbeid.

Vi takkar for samarbeidet, og ønsker dykk lukke til med årets sesong

Kommune	Aktive medlemmer	Slepte sau	Slepte lam	Tapte sau	Tapte lam	Lammetap 2022, %	Lammetap 2023, %
Bergen	53	1 575	2 475	21	138	5,67	5,58
Kinn	85	3 082	3 841	97	339	7,64	8,83
Etne	54	2 883	4 698	77	200	4,08	4,26
Sveio	4	127	88	0	2	2,17	2,27
Stord	28	1 042	1 484	14	49	5,57	3,30
Fitjar	19	1 179	1 295	20	96	11,86	7,41
Tysnes	13	399	583	5	11	5,33	1,89
Kvinnherad	101	4 381	6 330	117	355	5,23	5,61
Ullensvang	178	8 724	14 730	192	493	4,00	3,35
Eidfjord	33	2 462	4 506	40	89	2,28	1,98
Ulvik	39	1 981	3 350	48	148	3,69	4,42
Voss	326	11 325	18 502	269	647	3,54	3,50
Kvam	111	4 072	6 330	90	406	6,14	6,41
Samnanger	37	919	1 307	12	40	3,93	3,06
Bjørnafjorden	43	1 162	1 693	35	109	7,49	6,44
Austevoll	12	1 001	1 163	50	101	5,78	8,68
Øygarden	13	454	473	5	13	4,24	2,75
Vaksdal	63	2 711	4 515	56	205	4,57	4,54
Modalen	32	1 213	1 909	26	96	6,00	5,03
Osterøy	15	309	419	4	16	5,24	3,82
Alver	19	538	792	9	38	5,19	4,80
Masfjorden	37	1 727	2 476	48	174	9,94	7,03
Gulen	32	1 008	1 390	20	73	7,25	5,25
Hyllestad	11	266	335	8	18	9,30	5,37
Høyanger	55	1 110	1 658	31	133	10,98	8,02
Vik	109	4 693	7 679	113	295	3,80	3,84
Sogndal	111	6 166	9 550	194	438	4,29	4,59
Aurland	38	1 584	2 759	62	177	4,72	6,42
Lærdal	53	3 222	6 047	70	254	5,33	4,20
Årdal	5	484	967	15	94	6,40	9,72
Luster	122	7 612	12 247	302	593	5,28	4,84
Askvoll	49	1 814	2 669	48	203	6,85	7,61
Fjaler	56	1 547	2 072	42	174	7,96	8,40
Sunnfjord	264	9 539	15 921	245	822	5,30	5,16
Bremanger	48	1 776	2 051	40	185	9,33	9,02
Stad	104	3 773	5 712	156	521	8,61	9,12
Gloppen	101	3 642	6 333	129	394	4,62	6,22
Stryn	118	3 693	5 947	123	420	5,19	7,06
Sum	2 591	105 195	166 296	2 833	8 559	5,19	5,15

Tabell 1: Oversyn over sleppte og tapte lam per kommune i 2023.

Kommune	Sleppte storfe	Sleppte geit	Sleppte beitedyr	Tapsprosent storfe	Tapsprosent geit
Bergen	143	3	4 196	0,00	0,00
Kinn	715	63	7 701	1,12	7,94
Etna	248	9	7 838	0,81	0,00
Sveio	0	0	215	0,00	0,00
Stord	15	11	2 552	0,00	0,00
Fitjar	6	29	2 509	0,00	13,79
Tysnes	0	0	982	0,00	0,00
Kvinnherad	236	143	11 090	2,97	3,50
Ullensvang	500	276	24 230	0,60	1,45
Eidfjord	61	0	7 029	0,00	0,00
Ulvik	169	0	5 500	0,00	0,00
Voss	3 507	174	33 508	0,77	2,87
Kvam	768	104	11 274	0,39	0,00
Samnanger	56	0	2 282	0,00	0,00
Bjørnafjorden	287	0	3 142	0,35	0,00
Austevoll	12	0	2 176	0,00	0,00
Øygarden	24	0	951	0,00	0,00
Vaksdal	238	182	7 646	1,26	1,10
Modalen	0	0	3 122	0,00	0,00
Osterøy	75	0	803	0,00	0,00
Alver	3	23	1 356	0,00	13,04
Masfjorden	17	36	4 256	0,00	0,00
Gulen	754	0	3 152	0,53	0,00
Hyllestad	48	0	649	0	0
Høyanger	672	181	3 621	0,60	1,66
Vik	864	318	13 554	1,27	1,26
Sogndal	479	651	16 846	1,88	0,92
Aurland	394	1 126	5 863	0,00	0,62
Lærdal	283	303	9 855	0,00	0,00
Årdal	0	0	1 451	0,00	0,00
Luster	1 394	500	21 753	0,86	1,00
Askvoll	420	268	5 171	0,24	11,94
Fjaler	486	614	4 719	0,62	1,14
Sunnfjord	3 827	402	29 689	0,81	1,24
Bremanger	216	46	4 089	0,46	2,17
Stad	1 081	422	10 988	0,93	5,21
Gloppen	1 432	635	12 042	1,05	0,79
Stryn	920	580	11 140	0,22	2,07
Sum	20 350	7 099	298 940	0,77	1,93

Tabell 2: Oversyn over sleppte og tapte storfe og geit på kommunenivå i 2023



Innspel til jordbrukstingingane 2023

Siste åra har det vore stort fokus på inntekta til bonden, både gjennom Bondeopprøret og brotet i jordbrukstingingane 2021. I 2022 vart det avtale med ein stor auke i totalramma, men mesteparten av auken gjekk med til å dekkja kostnadsauken på jordbruket sine innsatsfaktorar. Det vil difor vera rom for å krevja mykje, også i 2023, for å tetta inntektsgapet mellom landbruket og andre grupper i samfunnet. Regjeringa har lova høgare inntekter til bøndene.

Når inntektene til bøndene skal aukast, må det vera for at bonden skal sitja att med meir pengar for kapitalen han/ho har skote inn i drifta og arbeidet han/ho utfører på garden, og i tillegg kunne ta seg meir fri. Dette er heilt naudsynt om ein vil oppretthalda dagens landbruk og auka sjølvforsyninga. Det er vanskeleg å rekruttera nye generasjonar inn i ei næring der ein tenar lite og har mykje mindre fritid enn andre grupper i samfunnet.

Utfordringa blir å auka bonden si inntekt utan at dei minste legg ned og dei store vert større. Og utan at bonden betalar høgare prisar på leigejord og mjølkekvote. Ved høgare prisar og tilskot pr produserte eining, aukar viljen til å produsera meir, og bonden ser seg om etter måtar å auka produksjonen. Bakdelen er at større produksjon ofte medfører auka etterspurnad etter jord, kvote og meir effektive maskiner. Bonden må ha lov til å tena meir pengar, utan at han/ho skal springa endå fortare.

Sogn og Fjordane Sau og Geit meiner difor at incentiva til volumauke på det enkelte bruk må reduserast, og det må satsast kraftig på tilskot som ikkje er produksjonsdrivande. I tillegg bør drifta vera knytt til areal i nærområdet.

Me vil difor prioritera styrking av velferdsordningane og styrka struktur på tilskota. Elles ynskjer me å sikra norsk sjølvforsyning og utnytting av jordbruksressursane i heile landet gjennom ei styrking av **kanaliseringspolitikken. I tillegg må marknadsregulator Nortura SA få fleire og betre verktøy for å regulera kjøtmarknaden, inkludert kjøt som vert importert. IMPORTVERNET MÅ STYRKAST, dette er svært viktig for at småfebonden kan hente ut ein prisauke for sine produkt i framtida!**

Sjukdomsavløyising og sjukepengar

Avkorting i tilskot til sjukdomsavløyising og sjukepengar på grunnlag andre inntekter (løn, styrehonorar o.l.) i sjukdomsperioden må avviklast. Bonden har som regel jobb utanom garden fordi han/ho treng lønnsinntekta. Då treng ein også sjukepengane frå både garden og det lønna arbeidet når ein er sjuk. Ein bør heller ikkje bli straffa om ein har teke på seg tillitsverv i lag og organisasjonar. Tilskotet til sjukdomsavløyising skal gå til å lønna avløyisaren, men held knapt nok til det. Dette merkar ein godt der avløyisar frå avløyisarlaga ha betaling for køyring mellom bustaden sin og garden han arbeider på, noko som i enkelte tilfelle et opp halve dagsatsen for sjukdomsavløyising.

Slik regelverket er i dag, er det stor sjanse for at gardsdrifta vert avvikla ved langvarig sjukdom.

Dagsatsen til sjukdomsavløyising må aukast til minst kr 3000 pr dag.

Tilskot til avløyning ved ferie og fritid

Ferie og fritid er eit gode som er høgt verdsett i dagens samfunn, og dette bør også bøndene få ta del i, slik at det blir meir attraktivt for dei unge å gå inn i landbruket. Skilnaden mellom bonde og lønnstakar, både når det gjeld inntekt og fritid, er no så stor at det innan enkelte produksjonar er lite attraktivt å verta bonde.

Tilskotet til avløyning og ferie har ikkje fylgt lønnsutviklinga i samfunnet elles, og det dekkar avløyning for bonden for langt færre fridagar enn det ein lønnstakar har. For å få mest mogeleg avløyning for pengane prøver bonden å halde timeløna så låg som mogeleg, og tariffane i landbruket er så låge at det kan vera vanskeleg å få norsk ungdom til å ta sommarjobb og helgejobb i landbruket. Resultatet er at ein tyr til utanlandsk arbeidskraft. Dette medfører for det første at rekrutteringa til landbruket og avløyarlaga vert dårlegare i enkelte område. For det andre vert avstanden mellom bønder og folk flest større, då det er færre som gjennom praksis med gardsarbeid, ser kva utfordringar den norske bonden har i arbeidet sitt. Og for det tredje blir norsk landbruk meir og meir avhengig av utanlandsk arbeidskraft, med dei utfordringar det medfører. Landet har ei utfordring den dagen me ikkje har tilgang på utanlandsk arbeidskraft til innanlandsk matproduksjon.

Det må også vera rom for å gje avløyarsane ei løn som gjer det attraktivt for nordmenn å vera avløyars i landbruket, både som ferieavløyars og som fast avløyars.

Avløyarsordninga er ei refusjonsordning, som ligg i «grøn boks». Kravet bør vere at hovuddelen av tilskotet vert nytta til kjøp av tenester hos avløyarslag/landbruksteneste eller lønnsutgifter der foretaket sjølv har arbeidsgjevaransvar for avløyarsen, inkludert feriepengar, arbeidsgjevaravgift, yrkesskadeforsikring og OTP. Sogn og Fjordane Sau og Geit er uroa for at auka bruk av avløyarsartilskotet til kjøp av tenester frå andre foretak vil undergrave avløyarsordninga.

Me meiner ordninga må styrkjast ved å auka både satsane per dyr og maksimalt tilskot med minimum 50 %.

Tilskot til ferie og fritid bør utbetalast kvartalsvis, då enkelte ikkje har likviditet til å forskottere avløyning i opp til 13 månader slik ordninga er no.

Tilskota til avløyarlaga må innførast på nytt, slik at dei kan oppretthalda eit godt tilbod om avløyning både ved sjukdom og ferie/fritid. Det er ikkje alle stader at dette tilbodet er godt nok på grunn av mangel på arbeidskraft.

Utbetaling av dagpengar til gardbrukarar som er permittert frå arbeid utanfor gardsdrifta

Sogn og Fjordane Sau og Geit meiner det må gjerast noko med dagens ordning der gardbrukarar som er permittert frå arbeid utanfor garden ikkje får utbetalt dagpeng frå NAV fordi dei har næringsinntekt frå garden. Dette gjeld sjølv om næringsinntekta er 0 kr. Det er som oftast ein grunn til at ein gardbrukar har arbeid utanfor bruket. Me meiner det vert heilt feil å blanda næringsinntekt frå gardsdrifta inn i søknad om utbetaling av dagpeng i samband med permittering frå anna arbeid.

Tilskot til dyreavl

Under «utviklingstiltak» vert det avsett midlar til m.a. «Tilskudd til dyreavl m.m.». Dyreavl er svært viktig for å betre økonomien i småfehaldet. Inseminering er tidkrevande og kostbart for bonden, og i småfehaldet har det dessverre dei siste åra vore store utfordringar knytt til inseminering. Det er difor viktig at det vert sett av tilstrekkeleg midlar til **semin og avlsorganisasjonar**. Under denne posten finn ein og tilskot til veterinærreiser. God dyrehelse står høgt oppe på dagsorden i alle husdyrproduksjonar og difor er det viktig at kostnaden med å tilkalle veterinær kan haldast på eit rimeleg nivå. Tilskot til veterinærreiser er vesentleg i denne samanhengen. I tillegg er det viktig at bønder i heile landet har tilgang til veterinær døgeret rundt. **Posten «Tilskudd til dyreavl m.m.» må aukast vesentleg.**

Tilskot til tiltak i beiteområde

Dette er midlar som blant anna kan løyvast til innkjøp av elektronisk overvaking som td radiobjøller, som vert enno viktigare framover. Elektronisk overvaking er eit godt hjelpemiddel som reduserer tidsbruken ved utmarksbeiting. Tilskotsordninga er med på å betra både dylevelferda og velferda for bonden. Me meiner at løyvingane til denne ordninga må aukast.

Tilskot til dyr på utmarksbeite (sau, lam, geit, kje) må aukast med kr 150 til kr 450 pr dyr.

Sauen og geita høyrer til i utmarka, og utmarksbeitetilskotet er retta mot det småfehaldet vi ynskjer! Det er ei uheldig utvikling at ein del småfe ikkje beitar i utmark. Skal ein i Noreg oppretthalde og helst auke sjølvforsyningsgraden må ein utnytte dei ressursane som er tilgjengelege, utmarka er ein slik ressurs. Bruk av utmarksbeite er også viktig for å oppretthalde landbruk i heile landet.

På Vestlandet har ein store område med utmark, her kan ein produsere mat på ressursar som ingen andre kan nytte seg av. Det er kortreist mat for dyra, og erstattar andre fôrressursar som legg beslag på dyrka mark i Noreg og/eller areal i utlandet (kraftfôr). Utmarksbeite er i tillegg med på å halda fjell og lier ope og framkomeleg både for bønder, dyr og turgåarar. Dette kan andre næringar gjere seg nytte av, til dømes reiselivsnæringa.

Beiting i utmarka skal også vera positivt for klimaet, ved at opne landskap reflekterer meir lys ut att i atmosfæren enn det skogen gjer, og at ein dermed reduserer oppvarminga på jorda (albedoeffekten).

SAU

I Hurdalsplattformen seier regjeringa at dei vil leggje fram ein forpliktande og tidfesta plan for å tette inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet. Lønsemda i sauenæringa er svak og slik har det vore i lang tid. Driftsgranskingane for 2021 viser at vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk var kr 178 000 for sauebruk på Vestlandet mot kr 243 900 for sauebruk i heile landet. Prisauke, kombinert med stabile kostnader bidrog til at jordbruksinntekta auka frå året før. Driftsgranskingane for 2021 viser at jordbruksinntekta (alle produksjonar) vart kr 403 100 per årsverk.

I 2023 er det viktig at målet i Hurdalsplattformen om å tette inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper står fast sjølv om det er krisetider med krig i Ukraina og kraftig prisauke. Vi forventar og at arbeidet til Grytten-utvalet medfører eit betre grunnlag for utrekning og forbetring av økonomien i jordbruket.

Ifølgje Nortura går vi inn i 2023 med tome lager av lam og sau, og det er gledeleg med auka sal og litt betre betalt for kjøtet til sauebonden i 2022. Vi håpar at salet av produkt frå lam og sau held fram med å auke framover. Bøndene har det siste året i tillegg til renteauke opplevd ein dramatisk auke i prisane på

kunstgjødsel, kraftfor, drivstoff og straum, og det meste anna er også blitt dyrare enn før. Det er difor heilt nødvendig at utbetalingspris til bøndene for kjøtt frå lam og sau aukar vesentleg også i 2023.

Sauehaldet er ein viktig del av jordbruket i Sogn og Fjordane og må prioriterast i dette området. Vestland er det fylket i landet med dei minste sauebruka. Tal frå søknad om produksjonstilskot frå 2021 viser at det i Vestland var 171 359 sauer fordelt på 3524 bruk, altså 48,6 sauer per bruk. Førebels tal for 2022 er 171 715 sauer fordelt på 3556 bruk, dvs 48,3 sauer pr bruk. Sauehaldet har den dårlegaste økonomien av alle produksjonane i jordbruket. Det er nødvendige med tiltak for å styrke økonomien i sauehaldet, viss ikkje fryktar vi at mange sauebønder legg ned drifta med dei negative konsekvensar det vil ha for kulturlandskap og lokalsamfunn rundt om på bygdene. Det er viktig at tiltak for å styrke økonomien i sauehaldet ikkje er produksjonsdrivande slik at det blir overproduksjon av kjøtt.

Husdyrtilskot

I jordbrukstingingane i 2022 var det eit krav frå næringa om innføring av driftstilskot i sauehaldet. Dette vart ikkje innfridd, i staden fekk vi ein auke i husdyrtilskotet. Det vart innført eit nytt intervall for dei fyrste 75 saue, i dette intervallet auka husdyrtilskotet med kr 900 per sau. Vi fryktar at den kraftige kostnadsveksten gjer at sauebønderne ikkje ser noko til det løftet i økonomien auken i husdyrtilskotet skulle medføre. Kostnadsauken rammar både små og store bruk og **husdyrtilskotet bør aukast med kr 200 per sau i alle intervall.**

Det er betydelege driftstilskot til både geit, melkekyr og ammekyr på kr 230 000 eller meir per foretak, desse fekk ein auke på minst kr 70 000 i jordbrukstingingane i 2022. Samanliknar ein sauehaldet med desse produksjonane er det ikkje vanskeleg å krevje ein auke i husdyrtilskotet også i år, sidan sauehaldet ikkje har driftstilskot.

Krav til produksjon

Tilskotsinnretninga for sau gjev no stort høve til tilskotstilpasning. Difor er det nødvendig å auka krav til avdrått pr teljedyr 1 mars. Eit fornuftig krav vil ikkje vera drivande på lammetal pr sau og det treng heller ikkje vera drivande på volumauke.

Det må vere krav om at ein har slakta minst like mange sau/lam som ein har teljedyr på teljedato, innan neste teljedato. Ved lågare avdrått vert det ei forholdsvis avkorting i husdyrtilskotet. Sal av livdyr må telje med på lik linje med slakta lam, og det må gjerast unntak ved oppbygging av besetning og ved rovdyrproblem eller uføresette hendingar.

Distriktstilskot kjøtt

Distriktstilskotet i våre område (kr 5,25 i sone 2 og kr 8,05 i sone 3) har vore uendra i mange år. I sone 4 og 5 vart distriktstilskotet for sau auka med kr 1,00 ved fjorårets jordbrukstingingar og er no kr 13,90 og kr 14,40. **Distriktstilskotet for storfe, sau og geit i Sogn og Fjordane må aukast opp på nivå med Nord-Norge.**

GEIT

STODA FOR MJØLKEPRODUKSJON PÅ GEIT

Det var i 2022 berre 253 føretak med disponibel geitemjølkkvotepå i heile Noreg. I 1986 var talet 1172 føretak. I same tidsrom har den totale mjølkekvoten på geitemjølkkvotepå vorte redusert frå om lag 31,2 millionar liter til 21,6 millionar liter. Gjennomsnittskvoten har auka og det har vorte lengre mellom kvart geitebruk med mjølkeproduksjon. Geita er eit dyr som finn mat der andre dyr ikkje kjem til, og ho er flink til å hindra at småskogen får veksa opp. Etter saneringsprosjektet Friskare Geiter har dyra god helse og produserer ei råvare av god kvalitet, og Tine har vunne fleire VM-medaljar i VM for ost.

Men ostar i verdsklasse syner ikkje att i bruken av geitemjølkkvotepå, forholdstalet på kvote er under 1 og det går fleire bruk ut av drift kvart år. Færre bruk er uheldig, då grunnlaget for å driva rådgjeving og sal av varer og tenester til geitemjølknæringa går ned, og ein kan risikera at tilbodet til næringa vert redusert. I tillegg er det viktig at geitebøndene er representerte i tillitsverv på ulike nivå i Norsk Sau og Geit, Norges Bondelag, Norges Bonde- og Småbrukarlag og Tine. Då må det vera ein del kandidatar å velja blant slik at belastninga ikkje vert for stor for enkelte geitehaldarar. Det er difor viktig å ta vare på dei geitemjølkkvotepåprodusentane som er att, og helst auke opp att tal produsentar. Men då må økonomien i næringa vera så bra at ein både kan leva av garden og i tillegg kan ta seg fri på linje med andre yrkesgrupper. Elles blir det vanskeleg å rekruttere yngre generasjonar inn i næringa.

Sogn og Fjordane Sau og Geit meiner difor det er viktig å styrka tilskota som ikkje er produksjonsdrivande, og fjerna forventningane om at gardsbruka må bli større for at det skal vera mogeleg å ha ei god inntekt frå dei.

KVOTEORDNINGA FOR GEITEMJØLKKVOTE

Då mjølkekvotane vart innført på 1980-talet var dette ein produksjonsrett som vart tildelt gardsbruk med mjølkeproduksjon, kostnadsfritt. I starten var det ikkje leige eller handel med kvotane, og bruk med små kvotar fekk tildelt kvote ved generasjonsskifte, for å unngå at bruket vart nedlagt. Etter kvart vart det opna opp for sal og kjøp av mjølkekvote med staten. Mjølkekvoten gjekk dermed frå å vera ein produksjonsrett til også å bli eit verdipapir som kunne omsetjast. Seinare vart det opna opp for privat handel og leige av mjølkekvote. Kombinert med insentiv om større driftseiningar med større produksjonsvolum, har dette medført at prisane på både kjøp og leige har auka kraftig siste åra, og det er etter kvart betre betalt å leiga ut eller selja kvoten, enn å selja gardsbruket samla til einkvan som vil driva det vidare.

Konvertering av kvote

Forholdstalet for geitemjølkkvotepå er 0,95 for 2022 og 2023. Me meiner det er rett å auka forholdstalet framfor å selja ut att kvote som Staten har fått hand om. Når etterspurnaden aukar, må eksisterande aktive geitemjølkkvotepåprodusentar prioriterast, då mange av desse har investert i nye driftsbygningar og nytt utstyr i samband med sanering av buskapen.

Me meiner forbodet mot å konvertera kumjølkkvotepå til geitemjølkkvotepå må oppretthaldast, men opnar likevel for eit svært restriktivt unntak.

For å prøva å auka tal geitebønder med mjølkeproduksjon meiner me at det bør leggjast opp til ein forsiktig auke i tal produsentar ved at små kumjølkeprodusentar som ikkje finn økonomi i å investera i lausdriftsfjøs for mjølkeku, kan konvertera kumjølkkvoten til geitemjølkkvote. Byteforholdet må setjast til 2 liter kumjølkkvote for 1 liter geitemjølkkvote. Konvertert kvote må produserast på eige

bruk, og kan ikkje seljast eller leigast ut dei 10 fyrste åra. Eit bruk kan maksimalt konvertera 100.000 liter kumjølkkvote til 50.000 liter geitemjølkkvote ein gong. Tine SA må godkjenna kvar enkelt konvertering, blant anna med tanke på inntransport til meieri og bruken av mjølka. Konvertering må ikkje medføra reduksjon i forholdstalet, og målet må vera eit forholdstal på minimum 1 for geitemjølke.

Geitene produserer mjølke på beite om sommaren, og for å nytte den ekstra geitemjølka kan Tine SA lage sesongprodukt som kan erstatte noko av den kumjølka dei manglar om sommaren når ein del kyr er avsina og går på utmarksbeite.

Leige av geitemjølkkvote

Utviklinga i prisane på leigekvote har gått feil veg siste åra. Det same har volumet av leigd kvote.

Tabellen nedanfor syner omfanget av kvoteleiga på landsbasis frå 2014 til 2020:

År	2014	2015	2018	2019	2020	2021	2022
Utleigd kvote	4.013.950	4.475.937	5.008.874	4.838.327	5.649.691	?	?
Disponibel kvote	22.444.770	21.914.991	22.436.224	21.858.714	21.596.505	21.426.133	21 641 216
% utleigd	17,8%	20,4%	22,3%	22,1%	26,2%	?	?
Føretak med kvote	310	285	284	280	273	256	253

Landbruksdirektoratet har skifta fagsystem i 2021, og klarar ikkje lengre å skilja på korleis den enkelte kvoteeigar disponerer kvota. Me har difor ikkje fått tal på kor stor del av disponibel kvote som var utleigd i 2021 og 2022.

Dagens kvoteordning medfører fleksibilitet. Aktive bønder kan justera produksjonen opp eller ned med leigekvote, og bønder som har lagt ned mjølkeproduksjonen, men ynskjer å behalda kvoten i tilfelle neste generasjon ynskjer å starta opp att med mjølkeproduksjon, kan leige ut kvoten fram til neste generasjon har bestemt seg for å overta eller ikkje. Verdien av garden vert vesentleg redusert ved sal av mjølkekvoten, i alle fall så lenge det er vanskeleg å få tak i ny mjølkekvote og kvoteprisane er høge.

Med leigeprisar som ofte ligg kring kr 2,- pr liter pr år, og med 5 – 6 millionar liter disponibel kvote utleigd i 2020, ser ein at det går store summar frå aktive produsentar til passive kvoteeigarar kvart år. Dette er pengar som burde ha kome aktive geitebønder til gode. Høg verdi på kvoten i form av høge

leigeprisar gjer det også mindre interessant å selja kvote, spesielt når deler av kvoten må seljast til Staten for ein pris som ikkje er stort høgare enn det ein tek inn i kvoteleige på eit år eller to.

I bøndene sitt krav til jordbruksforhandlingane 2021, punkt 10.3, vart det skissert forslag til endringar i kvoteregulverket for å redusera omfanget av leigekvote. Forslaget inneheld fyrst og fremst reguleringar i kor lenge ein kvote kan leigast ut utanom samdrift. Forslaga vil ha liten effekt på prisen på leigekvote på kort sikt, då prisen i hovudsak vil vera avgjort av forholdet mellom tilbod og etterspurnad. Så lenge etterspurnaden er høg og tilbodet lågt, vil prisane vera høge og store beløp gå ut av mjølkenæringa.

Me meiner at ordninga med leige av geitemjølkkvote må avviklast på sikt, med unntak for leige til samdrifter. Målet med avvikling må vera at dei som leiger og produserer kvoten får overta den kvoten dei har leigd, med mindre dei då kjem over kvotetaket.

Auka budsjettmidlar og omfordeling frå grunntilskot til driftstilskot til mjølkeproduksjon geit

På kort sikt meiner Sogn og Fjordane Sau og Geit at ein må bruka tilskotsordningane som økonomiske verkemiddel for å redusera etterspurnaden etter kvote og såleis kvoteprisane.

Dette kan gjerast ved å flytta pengar frå eit produksjonsdrivande tilskot som grunntilskot geitemjølkkvote over på driftstillegg geitemjølkkvote som ikkje gjev incentiv til å auka produksjonen ut over 27 mjølkegeiter. I 2022 var disponibel kvote på 21,6 mill liter. Om ein reduserer grunntilskot geitemjølkkvote med kr 1 pr liter blir det 21,6 mill kroner å fordela på 253 geitebruk i ekstra driftstillegg geitemjølkkvoteproduksjon. Dette blir om lag kr 85500 pr bruk. Geitebruk som har ein disponibel mjølkekvote som er større enn gjennomsnittskvoten på 85500 liter vil tapa tilskot på denne omfordelinga, medan bruk med disponibel kvote under gjennomsnittskvoten vil tena på omfordelinga. Det var 95 bruk med kvote over gjennomsnittskvoten i 2022.

Intervall (liter)	Antall foretak	Disponibel kvote (liter)	Andel foretak	Andel disponibel kvote
<50 000	67	2 372 577	26,50 %	11,00 %
50 001-100 000	117	8 590 947	46,20 %	39,70 %
100 001-150 000	37	4 503 949	14,60 %	20,80 %
150 001-200 000	22	3 645 568	8,70 %	16,80 %
200 001-250 000	5	1 058 371	2,00 %	4,90 %
250 001-300 000	3	807 375	1,20 %	3,70 %
300 001-350 000	2	662 429	0,80 %	3,10 %
	253	21 641 216		

Mediankvoten var på 72 158 liter i 2022.

Men der ein tilleggseffekt i at fortjeneste pr liter frå og med geit nr 28 og oppover vert redusert med kr 1 pr liter. Det vert mindre lønnsamt å produsera store volum, og næringa vil tilpassa seg og redusera produksjonen. Dette vil i neste omgang redusera etterspurnaden etter leigd mjølkekvote, og prisane på leigekvote vil gå ned, teoretisk sett med om lag kr 1. Dermed sit næringa samla att med 5-6 millionar meir pr år fordelt på dei som leiger mjølkekvote, jf utleigd geitemjølkkvote i 2020.

For å kompensera inntektsreduksjonen for dei bruka med størst mjølkekvote, kan ein i tillegg auka driftstillegg geitemjølkkvote med friske budsjettmidlar. Om ein aukar med 115.000 kr i friske budsjettmidlar pr bruk trengst det om lag 29 millionar kroner i budsjettmidlar. Då er det berre nokre få store med over 200.000 liter i kvote som tapar pengar på omfordelinga. Me meiner endringa vil styrka dei minste bruka og medverka til å redusera etterspurnaden etter kvote. Og sidan forslaget medfører ein stor sum i friske budsjettmidlar, er det viktig å gjennomføra det no når det er politisk vilje til å auka inntektene i norsk landbruk. Inntekta til bonden skal opp må nivå med andre grupper.

Kvotetaket på geitemjølkkvote bør reduserast frå 900.000 liter til 200.000 liter.

Dette vil vera ei reversering av endringa frå jordbruksoppgjeret i 2014. Dei få produsentane som allereie ligg over 200.000 liter i grunnkvote beheld den kvoten dei eig sjølve. Leigd kvote ut over redusert kvotetak, beheld ein ut leigeperioden, men maksimalt i 5 år. Ein unngår då at endringa får tilbakeverkande kraft på eigd grunnkvote, og ein får tid til å tilpassa seg i forhold til leigd kvote, som uansett fell vekk når leigeavtalen går ut.

Eit kvotetak på 900.000 liter fører til færre og større bruk. Som nemnt ovanfor, er dette uheldig for ei allereie lita næring. Det kan også verka negativt inn på kulturlandskapet kring geitefjøs, med kraftig nedbeiting nær store fjøs med mange dyr, og attgroing i område der geitebruk er lagt ned. Større fjøs medfører også at geitene må gå lengre for å henta maten, utan at me veit sikkert korleis dette vil verka inn på jurhelse og mjølkekvalitet. Alternativt vert det bli meir inneføring og auka bruk av kraftfôr. Ein kvote på 200.000 liter er i dei fleste tilfelle nok for ein familie, både med tanke på arbeidsmengde og inntekt.

HELSESTATUS AMMEGEIT

Norske geitemjølkkprodusentar har lagt ned mykje arbeid i å sanera buskapane sine mot tre kroniske sjukdommar, med økonomisk stønad over jordbruksavtalen og prosjektet Friskare Geit. Mange ammegeitbuskar er også kartlagde og testa, men det er framleis ammegeitbuskar med ukjend smittestatus. Blant dei ammegeitene som vart testa fann ein smitte i om lag 5% av buskapane. Ein må difor leggja til grunn at det framleis finst smitta geiter i Noreg, og at det er ein risiko for smitteoverføring til buskar som er sanerte og friske. Det har vore enkelttilfelle med sanerte buskar som har vorte smitta att siste åra. I tillegg registrerer me eit aukande omfang av små geitehald der me er usikre på om alt livdyrsal skjer etter gjeldande regelverk. **Det bør difor løyvast pengar over jordbruksavtalen til å dekkja utgifter til testing av ammegeitbuskar med ukjend smittestatus og eventuell sanering ved funn av smitte.**

Husdyrtilskot til ammegeit

Ammegeit får pr i dag same tilskotssats som sau, men det er krav om at ammegeita må ha kjea for å få tilskot. Sauen har ikkje krav om ha lamma for å ha rett på tilskot. Med same tilskotssats bør det vera like vilkår for ammegeit og sau. Alternativt bør tilskot til ammegeit handsamast heilt uavhengig av sau.

For bruk med både sau og ammegeit vert begge dyreslaga samanslegne til ei gruppe, og produsentar som kombinerer sau og ammegeit tapar då tilskot når sum dyr passerer intervallgrensa mellom høgt og låg tilskot pr dyr. Det er spesielt at to ulike dyreslag vert samanslegne på denne måte. Ei ammegeit er ei geit og ikkje ein sau. Ho krev større fjøsplass og betre gjerdehald (enten ho skal haldast utanfor eller innanfor gjerdet). I 2015 gjekk husdyrtilskotet for vinterfôra sau og ammegeit ned på grunn av samordninga av tilskot med utegangarsau. Slaktetilskotet for lam og kje gjekk opp, men slaktetilskotet for kje er lågare enn slaktetilskotet for lam. Ammegeit og kje er effektive landskapspleiarar når dei beitar avgrensa område og får lite tilleggsfôr (kraftfôr). Problemet er at dei kan få dårleg klasse og dårleg pris ved slakting, og at økonomien i drifta forsvinn, med mindre dei blir fôra kraftig med kraftfôr før slakting. Det er i dag veksande interesse for ammegeitproduksjon. Marknaden for produkta (kjøt, skinn, ull, landskapspleie m.m.) er absolutt til stades. Men produsentane manglar den grunnbetalinga som husdyrtilskotet er meint å vera.

For å fremja denne typen produksjon og landskapspleie må ammegeit skiljast ut i ei eiga gruppe med eigen tilskotssats. Ammegeit og sau er to ulike produksjonar og må difor ha separate husdyrtilskot, utan samordning av dyretalet.

Tilskot til kjeslakt

Lønnsmda i kjeoppdrettet er for dårleg på grunn av høge fôrkostnader og låg kilopris på slaktet. I tillegg kan det vera vanskeleg å få økonomisk optimalt slaktetidspunkt på kjea på grunn av manglande kapasitet på dyrebil eller slakteri. Dei fleste kjea blir fødde om vinteren og må fôrast fram inne, i frostfrie driftsbygningar. **Dersom partane i jordbruksoppgeret ynskjer mindre avlaving av nyfødde kje og meir bruk/utnytting av kjekjøt, må tilskot til kjeslakt aukast. Det bør ikkje vera mindre enn kvalitetstilskot lammeslakt, og vektgrense må vera uendra på 3,5 kg.**

REGIONALT MILJØPROGRAM

Frå 2019 er det lagt strengare føringar frå sentralt hald på korleis fylka skal nytte desse midlane. Enkelte ordningar er fjerna og andre har ein fått pålegg om å innføra. Deretter har faglaga i fylka og statsforvaltaren i det enkelte fylke utforma regelverk og tilskot i fylket. Denne omlegginga har slege negativt ut for småfebøndene her i Sogn og Fjordane og Hordaland, ved at pengar er flytta frå småbruk med sau og geit, til store bruk med storfe, gjennom tilskot til miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel med stripespreiar og tilførselslange. Me er ikkje i mot miljøvennleg spreining av husdyrgjødsel, men me synest ikkje det er rett at småbruka skal lida for at store bruk skal få tilskot til innkjøp av slikt utstyr.

For slått av bratt areal er satsen er redusert og vilkåra innskjerpa ved at det ikkje lenger er høve til å bruka beitepussar. Satsen bør aukast opp att, og det bør vera lov å nytta beitepussar eller tohjulsslåmaskin føresett at søkjar har beitedyr på omsøkt areal. Areal som var beitepussa tidlegare år, vart berginga for enkelte turkesommaren 2018 ved at dette arealet kunne haustast til vinterfôr.

Tilskot til steingjerde og bakkemurar er fjerna. Dette var eit viktig tilskot i enkelte område av fylket, og bør innførast på nytt. Det er heller ikkje fritt fram å fjerna steinmurar og bakkemurar for å effektivisera drifta.

Tilskot til skjøtsel av innmark med ammegeit, bukkar og kje er fjerna. Dette er uheldig i forhold til den jobben desse dyra gjer med opna opp landskap og hindra attgroing. Elles kan det nemnast at servituttlova § 14 hindrar beiting med geit i barskog og andre utvalde skogtypar. Det er difor ikkje alle geitebønder som har høve til å sleppa geitene på utmarksbeite. Dette tilskotet bør difor koma inn att under RMP.

Tilskot til beite i verneområde er med på å kompensera for dei ulempene vernet medfører. Utan dette tilskotet kan enkelte finne det føremålstenleg å bruke andre beite som ligg utanfor verneområdet. Tilskot til beite i verneområde bør difor inn att i RMP-ordninga for Vestland.

Tilskot til stølsdrift må aukast til kr 130.000,- for å ta vare på og kanskje auka opp att omfanget av denne driftsforma. Kostnader til diesel og straum har auka kraftig siste år.

Tilskotet til RMP og klimatiltak i landbruket må aukast med minst 50% i friske budsjettmidlar, slik at små bruk får attende dei tilskota dei hadde tidlegare. Det er ikkje dei små bruka som skal finansiera klimatiltaka på dei store bruka.

Satsane for slått av bratt areal må aukast med minst 50%.



Medlemsinfo juli 2023

MEDLEMSTUR/FAGDAG

På årsmøtet ti SFSG, 2.mars 2019, hadde vi ein presentasjon av «Beite og gjerdeprosjekt i Selje». Eit samarbeid mellom tidlegare Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Selje Sau- og Geit, Kystgeitlaget i Selje, Selje og Stadlandet Bondelag, Stad Sankelag, Selje og Vågsøy Småbrukarlag og Selje kommune. I etterkant av presentasjonen var det fleire som ytra ønskje om ein medlemstur, for å sjå/få meir informasjon om prosjektet, då manglande gjerde er ei stor utfordring for mange beitebrukarar.

Av ulike årsaker, mellom anna covid, så har vi ikkje klart å få til medlemstur/fagdag tidlegare.

No inviterer SFSG til medlemstur/fagdag laurdag 19. august, for å få meir informasjon om «gjerdeprosjektet».

Invitasjon, med påmelding er sendt i eigen e-post. For dei som ønskjer overnatting, så er det mogleg å tinge rom på Stad Hotell.

TILSKOT TIL LOKALLAG

Styret i SFSG minner om at det i budsjettet for 2023 er sett av kr 100 000,- til aktivitet i lokallaga. Lokallaga kan søkje på førehand på grunnlag av ei plan og eit budsjett for aktiviteten. Lokallaget kan og søkja etter at aktiviteten er gjennomført. I begge høve må det sendast inn ein kort rapport og rekneskap for tiltaket, for at pengane skal verte utbetalt. Styret i SFSG kan løyve opp til 60 % av godkjend kostnad, men ikkje meir enn at eit eventuelt underskot vert dekket. Det vert ikkje løyvd pengar til gjennomføring av årsmøte og kåring.

Søknadsfristen er 15.08.23

Styret vil handsame alle søknader på styremøte 18. og 19. august.

KURS I KADAVERSØK

SFSG i samarbeid med Sogndal Sau og Geit, fekk avvikla kurs i kadaversøk 16. -18.juni. Dette var eit kurs som skulle vore gjennomført i 2022, men grunna få interesserte, vart kurset utsett til 2023

KÅRING

Informasjon om årets kåringssesong kjem seinare.

HAUSTSAMLING 2023

Hautsamlinga vert 3. og 4.november på Thon Hotel Jølster. Styret tek imot innspel frå lokallaga på aktuelle tema til samlinga.

ÅRSRAPPORT M.M

Det er framleis ein del lokallag som ikkje har sendt inn årsrapport m.m. Her er òg lag som ikkje har fått på plass organisasjonsnummer. **Lokallag som ikkje har sendt inn årsrapport m.m. vil ikkje få refundert sin**

del av medlemspengane. Lokallag som ikkje har organisasjonsnummer, vil heller ikkje få utbetalt ullpengar.

Lokallag som ikkje, i løpet av 2023, får sendt inn årsrapport m.m, må på årsmøte i januar 2024 ta stilling til lokallaget si framtid. Legge det ned, slå seg saman med anna lokallag, eller fortsette som eige lag, med dei forpliktelser det medfører i høve NSG sine lagslover.

Treng de hjelp, så ta kontakt.

TEAM UNG (Ungdomsråd)

Team ung er eit av dei råd/utval som styret i NSG har oppnemnt. I 2023 har SFSG eit medlem i rådet. Det er Torleiv Straume jr. frå Hyen.

MINSIDE

For NSG sentralt vert, frå juni, alle saklister, styreprotokollar og referat frå sentrale råd (som ikkje vert lagt ut på nettsida) lagt inn på MinSide. Når ein har logga inn på MinSide, finn ein dei under Dokumenter, på høgre side.

NYE TILSKOT GJENNOM RMP

Tilskotet gjeld sauer over eitt år, som beitar minst 5 veker på utmarksbeite, der hovudbeiteområdet for sauen ligg minst 600 meter over havet. Føretaket må vere medlem i eit beitelag for å kunne søkje. Tiltaket er avgrensa til 100 sauer per føretak. Førebels sats er kr 25 per sau.

For ammegeit og kje, gjeld det skjøtselsbeiting av ugjødsla innmarksbeite. Tiltaket gjeld ammegeit, kje bukkar og kastrerte bukkar som beitar minst 5 veker på inngjerda/avgrensa innmarksbeite som ikkje vert slått, beitepussa eller gjødsla. Førebels sats er kr 350 pr. dyr

Ønskjer alle ein god sommar og ein god beitesesong.

Styret

Medlemsinfo desember 2023

FAGSAMLING SAU («småfesamling») vert ikkje arrangert i Januar 2024. I staden vert det **LANDBRUKSHELG 19. OG 20. JANUAR** på Scandic Sunnfjord Hotell, Førde. Program er lagt ut på Sogn og Fjordane Sau og Geit sine sider, og på Vestland Bondelag si sider.

ÅRSMØTE i SFSG skal vere **FREDAG 1.mars** på Thon Hotel Jølster, med påfølgjande fagdag laurdag **2. mars**

Saker som lokallaga ønskjer skal fremjast for årsmøte, må vere fylkesstyre i hende seinast 1. februar 2024 (1.månad før, i følge NSG sine lagslover § 17.)

Årsmøte i lokallaga skal haldast innan 1. februar kvart år, og skal kunngjerast med minst 14. dagars varsel. Saklista skal og gjerast kjend for medlemane.

Protokoll frå årsmøte i lokallaget, årsmelding og rekneskap skal sendast fylkeslaget innan 15. februar 2024. Lokallag som ikkje har levert protokoll frå Årsmøte i lokallaget, får ikkje stemmerett på fylkesårsmøte, då protokollen er einaste dokumentasjonen fylkeslaget har på at deltakaren på årsmøte til SFSG er vald som utsending.

Det er medlemstalet pr. 31.12.23 som er grunnlaget for tal utsendingar til fylkesårsmøte. Leiaren er sjølvskriven. I tillegg har lag med over 25 medlemar rett på ein utsending pr. 25 medlemar.

NB.NB. HUGS Å VELJE VARA TIL UTSENDINGANE, då utsendingane skal vere valde av årsmøte i lokallaget. Årsmøte i lokallaget kan IKKJE gje styret fullmakt til å velje utsendingar. Dei som kan møte som utsendingar med stemmerett på fylkesårsmøte, skal vere oppførde med namn i protokollen frå årsmøte i lokallaget. Pass på å velje rikeleg med vara, i nummerrekkefølge. IKKJE personlege vara. Det har vore fleire utsendingar til årsmøte i fylkeslaget, som ikkje har fått stemt, då dei ikkje har stått som valde utsendingar i protokollen frå lokallagsårsmøtet.

UTTALAR FRÅ ÅRSMØTE I SFSG

Dersom det er lokallag som har saker (tema) som dei ønskjer at årsmøte i SFSG skal gje uttale på, så ber ein om at **forslag til uttale vert sendt styret i SFSG innan 25 februar 2024.**

Innkomne uttalar vil verte tatt opp på årsmøte, som eiga sak.

TIDSPPLAN INNSPEL TIL JORDBRUKSTINGINGANE 2024

Styret i SFSG har sett opp fylgjande tidsplan;

- Utkast til innspel vert sendt lokallaga innan 7.januar, med svarfrist 2.februar
- Styremøte måndag 5.februar med gjennomgang av innkomne innspel
- Teamsmøte med lokallaga søndag 11.februar om kvelden
- Endeleg innspel vert sendt til NSG innan fristen 20.februar

ØNSKJER ALLE MEDLEMANE EI RIKTIG GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR

Styret i SFSG